

KYRKJELEG FELLESNEMND FOR OS SOKNERÅD OG FUSA SOKNERÅD

HOVUDUTSKRIFT

År 2018, den 14. juni, hadde partssamansatt utval (PSU) og kyrkjeleg fellesnemnd (FN) møte på kyrjekontoret, Eikelandssosen.

PSU tok til kl.18.30 og var slutt kl.20.15.

FN tok til kl.20.15 og var slutt kl.20.16.

Innkallinga var sendt representantane og vararepresentantane den 6. juni 2018.

Desse møtte frå partssamansatt utval:

Forutan dei som møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd møtte tilsettere representantane Monica Refsdahl frå Os og Iman de Zwarte frå Fusa.

Desse møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd:

Hans S Vindenes, Arne Tveit, Roald Samnøy, Marie Bruarøy (komm.repr.), og prost Kristin Litlere.

Forfall: Anne Turid Bjørnevik og Magne Djuvik

Følgjande vararepresentantar møtte:

Ingen.

Dessutan møtte: kyrkjeverje Gerhard Hansen og kyrkjeverje Harald Geir Sæther.

SAKSLISTE:

Saknr. PSU	Saknr FN	Tekst:	ARKIV
2018/012	2018/012	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 21. FEBRUAR 2018.	019
2018/013	2018/013	PLAN FOR GRAVPLASSANE I BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELELSRÅD	510
2018/014	2018/014	PLAN FOR KYRKJENE I BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	410
2018/015	2018/015	SAMLA INVESTERINGSPLAN FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD 2019-2028	111
2018/016	2018/016	RETTLEIANDE DOKUMENT FOR KYRKJELYDS-ARBEIDET I OS SOKN OG FUSA SOKN	360
2018/017	2018/017	ORGANISASJONSKART PÅ OVERORDNA NIVÅ	011.2
2018/018	2018/018	ORIENTERINGSSAKER	029
2018/019	2018/019	GJENNOMGANG AV FASE 2 I KYRKJELEG FELLESNEMND SIN FRAMDRIFTSPLAN – STATUS	020
2018/020	2018/020	PLANLEGGING AV 3. FASE I FRAMDRIFTS-PLANEN – JULI – DESEMBER 2018	020

Arne Tveit opna med å lese frå Ap.gj.19,32.

Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.

Rett utskrift,
Fusa kyrjekontor, 5649 EIKELANDSOSEN
den 14. juni 2018



Harald Geir Sæther
prosjektleder/kyrkjeverje

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE
21. FEBRUAR 2018

Saksnr.: 2018/012
PSU-sak 2018-012

Ark.nr. 019

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Det var ikkje merknader til protokollen.

Framlegg til vedtak:

Det var ikkje merknader til møteprotokollen.

PSU si tilråding:

Det var ikkje merknader til protokollen.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Det var ikkje merknader til protokollen.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Møteprotokollen for møte 21. februar 2018

SAKSUTGREIING:

Møteprotokollen vart sendt ut til alle på e-post 1. mars 2018.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: PLAN FOR GRAVPLASSANE I BJØRNAFJORDEN
KYRKJELEGE FELELSRÅD

Saksnr.: 2018/013
PSU-sak 2018-013

Ark.nr. 510

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Plan for gravplassane i nye Bjørnafjorden kommune vert vedteken og oversendt til fellesnemnda for Bjørnafjorden kommune.

Framlegg til vedtak:

Plan for gravplassane i nye Bjørnafjorden kommune vert vedteken og oversendt til fellesnemnda for Bjørnafjorden kommune.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

- 1. Plan 2019-2028 for gravplassane i nye Bjørnafjorden kommune**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Det vert vist til vedlagte samordna plan 2019-2028 for gravplassane i nye Bjørnafjorden kommune. Dette dokumentet gjev grunnlaget for drøftingane i saka. Plandokumentet har vore drøfta i AU ved to høve, og er arbeidd vidare med av kyrkjeverjane. Dessutan har sokneråda handsama plandokumentet for det geografiske området dei har ansvar for. Plandokumentet gjev grunnlag for investeringsplanen

I sak 2018/014 får ein til handsaming plan for kyrkjene i ny Bjørnafjorden kommune, og i sak 2018/015 har ein laga ein samla investeringsplan for alle anlegga.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: PLAN FOR KYRKJENE I BJØRNAFJORDEN
KYRKJELEGE FELELSRÅD

Saksnr.: 2018/014
PSU-sak 2018-014

Ark.nr. 410

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Plan for kyrkjene i nye Bjørnafjorden kommune vert vedteken og oversendt til fellesnemnda for Bjørnafjorden kommune

Framlegg til vedtak:

Plan for kyrkjene i nye Bjørnafjorden kommune vert vedteken og oversendt til fellesnemnda for Bjørnafjorden kommune.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

- 1. Framlegg til plan for kyrkjene i nye Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd 2019-2028**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Det vert vist til vedlagte samordna plan 2019-2028 for kyrkjene i nye Bjørnafjorden kommune. Dette dokumentet gjev grunnlaget for drøftingane i saka. Plandokumentet har vore drøfta i AU ved to høve, og er arbeidd vidare med av kyrkjeveverjene. Dessutan har sokneråda handsama plandokumentet for det geografiske området dei har ansvar for. Plandokumentet gjev grunnlag for investeringsplanen

I sak 2018/015 har ein laga ein samla investeringsplan for alle anlegga i nye Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: SAMLA INVESTERINGSPLAN FOR BJØRNAFJORDEN
KYRKJELEGE FELELSRÅD 2019-2028

Saksnr.: 2018/015
PSU-sak 2018-015

Ark.nr. 111

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Samordna investeringsplan for kyrkjer og gravplassar vert vedteken , og oversendt fellesnemnda for Bjørnafjorden kommune.

Framlegg til vedtak:

Samordna investeringsplan for kyrkjer og gravplassar vert vedteken , og oversendt fellesnemnda for Bjørnafjorden kommune.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

- 1. Framlegg til Samordna investeringsplan 2019-2028 for bygg og anlegg i Bjørnafjorden kyrkjelege fellelsråd**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Ein har utforma ein samordna investeringsplan for kyrkjer og gravplassar – dette for å gi ein bere oversikt. Det er gravplassplanen og kyrkjeplanen som er grunnlaget for dette, og desse plandokumenta må difor følgje investeringsplanen om ein skal få forståing og innsikt i investeringsbehovet i perioden 2019-2028.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: RETTLEIANDE DOKUMENT FOR KYRKJELYDSARBEIDET
I OS SOKN OG FUSA SOKN

Saksnr.: 2018/016
PSU-sak 2018-016

Ark.nr. 360

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Rettleiande dokument for kyrkjelydsarbeidet vert av kyrkjeleg fellesnemnd teken til etterretning.

Framlegg til vedtak:

Rettleiande dokument for kyrkjelydsarbeidet vert av kyrkjeleg fellesnemnd teken til etterretning.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Ein har laga eit rettleiande dokument for kyrkjelydsarbeidet i åra som kjem. Os sokneråd har handsama innhaldet i det som gjeld for dei, og Fusa sokneråd handsama området som gjeld der. Ein har ikkje vald å kalle dette ein plan då ein i så fall må ha brukt meir tid på å engasjere grasrota (kyrkjelyden) i eit slikt arbeid. Vedlagte dokument viser i stor grad status og på ein

del område tankar framover. Dokumentet er innom følgjande fagområde som gjeld sokneråda sine ansvarsoppgåver innan kyrkjelydsarbeidet:

- Gudstenester
- Liturgi
- Dåp
- Konfirmasjon
- Vigslar
- Kyrkjelege gravferder
- Trusopplæring
- Barn/Familiar – kontinuerlege tiltak
- Ungdom – kontinuerlege tiltak
- Undervisning
- Diakoni/Frivilligsentral
- Misjon
- Kyrkjemusikalsk arbeid
- Informasjon
- Medarbeidarskap
- Inventar kyrkjer
- TUNET kyrkje&kultursenter (siste punkt gjeld Os)

Alle desse områda viser kor omfattande arbeid som vil liggje til dei framtidige sokneråda å arbeide med – i to kyrkjelydar som ønskjer å byggje kyrkjelyd!

Det er viktig at det vert lagt godt til rette for dei to sokneråda i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Det er oppnemnd fleire temagrupper som arbeider med fleire av desse emna med tanke på ny struktur frå 2020 av.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: ORGANISASJONSKART PÅ OVERORDNA NIVÅ

Saksnr.: 2018/017
PSU-sak 2018-017

Ark.nr. 011.2

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Framlegg til organisasjonskart vert vedteke med dei endringane som kom fram i møtet.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til organisasjonskart vert vedteke slik det ligg føre.

PSU si tilråding:

Framlegg til organisasjonskart vert vedteke med dei endringane som kom fram i møtet.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding vart samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

- 1. Framlegg til organisasjonskart.**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Med bakgrunn i orienteringa, drøftingane og det som ein opplevde som ei form for oppsummering i sist møte i kyrkjeleg fellesnemnd har kyrkjeverjene utforma eit mogleg organisasjonskart på overordna nivå. Gerhard Hansen har sett opp organisasjonskartet slik ein ser føre seg det kan bli. Plasseringa av assisterande kyrkjeverje kjem ein attende til. Det er viktig å presisere at både dagleg leiar i Fusa og i Os samt driftsleiar bygg og gravplass vil vere delvis operative stillingar. Dette er også drøfta i AU.

Ein rår til at framlegg til organisasjonskart på overordna nivå vert vedteke.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: ORIENTERINGSSAKER

Saksnr.: 2018/018

PSU-sak 2018-018

Ark.nr. 029

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd har gått gjennom kvart punkt i utgreiinga, og tek saka til etterretning.

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd har gått gjennom kvart punkt i utgreiinga, og tek saka til etterretning.

PSU si tilråding:

PSU tilrår samrøystes framlegget.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

PSU si tilråding vart samrøystes vedteke.

Trykte saksdokument:

1. Oppsummering frå møte mellom rådmannen i Os og kyrkjevevjene den 14. mai 2018
2. Oppsummering av møte mellom KLP og kyrkjevevjene den 16. april 2018

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Her er det høve for alle å ta opp aktuelle saker/spørsmål.

Elles viser ein til oppsummeringa frå møte mellom rådmannen i Os og kyrkjevevjene. Ein nemner spesielt følgjande:

- Ein arbeider med avklaring IT og oppfølging. Vi venter på eit pristilbod frå kommunen.
- Løn og rekneskap – vi har bede om ei snarleg avklaring med kommunen om det er aktuelt for dei å ha dette som tenesteyting for kyrkjeleg fellesråd og sokneråda
- Gravferdstenester og tenesteyting på Fusasida – vi har bede om avklaring på dette før sommaren.
- Frivilligsentralane i Os og Fusa. Vi fekk forståing av at rådmannen vil tilrå ovanfor kommunal fellesnemnd at dei skal sikrast ut 2021, og så får ein i nytt kommunestyre ta stilling til korleis ordninga vert vidareført. Det er m.a. noko usikkert korleis dei økonomiske overføringane til frivilligsentralane vert i framtida.
- Driftsbudsjett 2018 og 2019. Rådmannen planlegg å ha ei budsjettsak til kommunal fellesnemnd i juni månad, og her vil ein m.a. vurdere å auke driftsramma til kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid; m.a. i bakgrunn av omfanget i kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid.
- Investeringsbudsjett m.m. Evt. investering i IT-utstyr må for 2019 delast mellom Os og Fusa. Frist frå kommunen for å kome med innspel er sett til 1. september. 12. juni skal Os og Fusa ha møte med to av dei aktuelle leverandørane på marknaden, og ein vonar etter det møte å ha ein nokon lunde oversikt over investeringsbehovet. Gerhard Hansen blir med på dette møtet saman med andre representantar frå Os og Fusa.
- Som ein konsekvens av kommunal samanslåing endrar den kyrkjelege strukturen seg frå å vere to juridiske personar til tre juridiske personar. Det stiller m.a. krav til tre organisasjonsnummer, vi blir tre offentlege organ, får tre budsjett og rekneskap, tre arkiv m.v. Det er viktig at ein ikkje gjer det vanskelegare enn nødvendig, men kyrkjeleg fagområde vil bli ein noko meir komplisert organisasjon i Bjørnafjorden kommune.

Avtale med KLP

Vedlagt følgjer oppsummeringa av samtalen med KLP. Os sokneråd og Fusa sokneråd har same type avtalar, og det forenkler mykje. Her vil to avtalar gå ut, og ein fusjonerer til Bjørnafjorden kyrkjeleg fellesråd. Dette var veldig nyttig å få avklara!

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: GJENNOMGANG AV FASE 2 I KYRKJELEG FELLESNEMND
SIN FRAMDRIFTSPLAN - STATUS

Saksnr.: 2018/019

PSU-sak 2018-019

Ark.nr. 020

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Saka vart teken til etterretning.

Framlegg til vedtak:

Saka vart teken til etterretning.

PSU si tilråding:

Saka vart teken til etterretning.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Saka vart teken til etterretning.

Trykte saksdokument:

- 1. Oversikt over temagruppene og kontaktpersonane i kvar gruppe.**

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Innleiing:

Vi er no i sluttfasen av fase 2 om å kartlegge eksisterande verksemd. Vi ser at omfanget av arbeidet er større enn kva vi trudde på førehand, men vi har progresjon i arbeidet på fleire plan. Men vi må vere påkobla heile tida – ikkje ein dag utan at samanslåing vert arbeidd med eller tenkt på i samband med arbeidsoppgåver ein utfører!

Status for arbeidet som var planlagt gjennomført/oppstarta 1. halvår 2018

Januar –Juni 2018

Fase 2 – Kartlegge eksisterande verksemd

- Noverande organisering, bemanning og kompetanse
 - Lage skisse/idear for mulig organisering av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd
- Møtestad for alle tilsette
- Avklare informasjonsstrategi/intranett. Kommunisere mål og prosessplan
- Opprette arbeidsgrupper
- Plan for sosial og fagleg fellesoppgåver fram mot ny kommune
- Økonomi
- Mål og planar for fellesråd og sokneråd
- Igangsett intranett for stabane – om det vert løysinga
- Kartleggje eksisterande tenesteytingsavtalar med kommunane
- Avtaler/Kontraktar som er vesentlege, pensjonsavtalar kartleggjast
- Utstyr, bygg, eigedomar vert kartlagt
- Kartleggje føringar og plikter for framtidig verksemd
- Informasjon frå sokneråd og stab: kva fungerer bra, kva bør betrast/utviklast?
- Avklare kva for IKT-system som er i bruk og røynslene med dei (inngåtte avtalar) (rekneskap, gravferd m.v.)

1. Noverande organisering m.v.

Vi har fått innsamla oversikt over dei tilsette sin kompetanse. Det er ein rikholdig variasjon i utdanning og yrkeserfaring. Dette har ein prøvd å nytte m.a. i oppnemning av dei 13-14 temagruppene.

Skisse til overordna organisering ligg som sak til dette møtet (sak 2018-017).

2. Møtestad for alle tilsette

Allmannamøte vart gjennomført i Os den 20. februar. Same dag som dette møtet har ein hatt samling i Fusa – både sosialt og fagleg.

3. Avklare informasjonsstrategi/intranett m.v.

Vår heimeside «**NYE BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD**» er i funksjon. Vi har så langt vald ikkje å ha eiga intranettside i det interne arbeidet.

4. Opprette arbeidsgrupper (temagrupper)

Det er oppretta 14 ulike arbeidsgrupper. Det vert vist til vedlegget i saka. Alle arbeidsgruppene er i gong med unnatak av:

- Trusopplæring – konfirmasjonsalder og eldre
- Organisering av kontorane sitt daglege arbeid
- Medarbeidarskap – frivillige medarbeidarar
- Personal –HMS

Det er ulike grunnar til at desse gruppene ikkje er kome i gong. Her held vi framdriftsplanen som nokon lunde.

5. Plan for sosial og fagleg fellesoppgåver fram mot ny kommune.

Det skal første halvår 2018 vedtakast ein plan for sosiale og faglege fellesoppgåver. Ein har ikkje hatt kapasitet til å lage ein slik plan, men ein prioritert arbeidet med å bli kjend med kvarandre dette halvåret gjennom to fellessamlingar og temagrupper. Vi har også fått innspel frå tilsette om evt behov for fagleg påfyll.

6. Økonomi

Fellesnemnda for Bjørnafjorden kommune skal ha møte seinare i juni. Ein vonar at det vert løyvd meir enn dei kr.600.000,- som så langt er gjort. Det vil bli eit oppdatert budsjett og oversikt over forbruk så langt – når ein har fått vedtak om evt endringar i løyvingar til kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid.

7. Mål og planar for fellesråd og sokneråd

Det ligg fire saker om dette til møtet i dag; sak 2018-013, 2018-014, 2018-015 og 2018-016.

8. Igongsett intranett for stabane – om det vert løysinga.

Sjå punkt 3 over.

9. Kartleggje eksisterande tenesteytingsavtalar med kommunane

Det har vore møte mellom kyrkjeverja og Fusa kommune om dette. Ein var lova å få ei tilbakemelding innan utgangen av mai, men har ikkje høyrte noko. Det er purra på!

10. Avtaler/Kontraktar som er vesentlege, pensjonsavtalar kartleggjast

Vi har fått sjekka ut med KLP, jfr sak 2018-018. Elles har vi store avtalar kring IT-leverandørar og forsikringar. IT vert det arbeidd med. Forsikringar må vi sjå meir på.

11. Utstyr, bygg, eigedomar vert kartlagt.

Når det gjeld bygg og eigedomar har ein egne planar som er lagt fram i dette møtet. Der er eigartilhøve m.v. som burde vora avklara før overgangen til ny struktur. Det er usikkert om ein får gjort dette før den tid.

12. Kartleggje føringar og plikter for framtidig verksemd

Dette kan truleg samordnast med pkt.10.

13. Informasjon frå sokneråd og stab: kva fungerer bra, kva bør betrast/utviklast?

Dette har vore oppe både i allmannamøte i februar månad og i sokneråda.

**14. Avklare kva for IKT-system som er i bruk og røynslene med dei (inngåtte avtalar)
(rekneskap, gravferd m.v.)**

Her har ein dialog med kommunen samstundes som der er temagrupper som har starta dette arbeidet.

Oppsummering

Ein er godt i gong på dei fleste områda, men har samstundes ein lang veg å gå. Det har vore nyttige møte med kommunane, men ein ser at det tar tid å få avklara spørsmål som t.d. eksisterande tenesteyting, IT, rekneskap/løn, evt framtidig tenesteyting graving og vedlikehald, økonomisk ramme til kyrkjeleg fellesnemnd m.v. Det er viktig at ikkje arbeidet stopper opp pga manglande progresjon på ein del av dei nemnde områda, for vi ser at vi absolutt treng tida for å kunne gjere eit skikkeleg arbeid. Tilbakemeldingar frå kommunane er viktige for å kome vidare i prosessen.

MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

Møtedato: 14.06.2018

Sak: PLANLEGGING AV FASE 3 I FRAMDRIFTSPLANEN
JULI – DESEMBER 2018

Saksnr.: 2018/020
PSU-sak 2018-020

Ark.nr. 020

Sakshandsamar: HGS

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:

Saka vart teken til etterretning.

Framlegg til vedtak:

Saka vart teken til etterretning.

PSU si tilråding:

Saka vart teken til etterretning.

VEDTAK I FELLESNEMNDA:

Saka vart teken til etterretning.

Trykte saksdokument:

Ingen

Ikkje trykte saksdokument:

Ingen

SAKSUTGREIING:

Som ein ser frå sak 2018-019 er der mange område det må arbeidast vidare med også i komande halvår. I framdriftsplanen skal ein også arbeide vidare med følgjande viktige emne:

- Prinsipp for tenesteytingsavtale i den nye organisasjonen
- Klarleggje fysisk plassering av arbeidsplassar

- Organisering (Fellesråd og presteteneste). Døme er arbeidsmiljø, verneteneste, tenesteområde for tilsette, arbeidsavtalar
- Rutinar: planlegging, logistikk, økonomi, HMT, informasjon, personal
- Avtaler/kontraktar av vesentleg betydning
- Sende sak om budsjett 2019 og økonomiplan til kommunal fellesnemnd
- Klargjering av gravferdssystem og HMT-system

Prosjektleiarsine kommentarar:

1. Det er viktig å få vidareført det ein har starta opp første halvår 2018, og tenkjer særleg på temagruppene.
2. Der er fleire uavklara område med kommunane. Dette må ein få fortgang på, elles kan ting stoppe opp
3. Det må leverast inn behov til investeringsbudsjettet til kommunane innan 1. september, i alle fall når det gjeld IT.
4. Det må velgjast IT-leverandørar komande halvår
5. Det skal konkretiserast mykje når det gjeld arbeidsmiljø og arbeidsplassar, verneområde og arbeidsavtalar. Dette punktet er svært viktig for alle og eit omfattande arbeid å utføre. Det er viktig at kvar einskild arbeidstakar opplever seg godt ivareteke!